



**Meland kommune**  
*- Eit samfunn for alle -*

# Temaplan for idrett, folkehelse og friluftsliv 2014–2019

Meland kommune



Foto: Jørn Kleiva



## Innhald

|                                                                                                                                     |    |
|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----|
| 1. INNLEIING .....                                                                                                                  | 5  |
| 1.1 Planprosessen.....                                                                                                              | 5  |
| 1.2 Planperioden .....                                                                                                              | 5  |
| 1.3 Kvifor temaplan for idrett, folkehelse og friluftsliv .....                                                                     | 5  |
| 2. OVERORDNA FØRINGAR OG MÅLSETTINGAR .....                                                                                         | 6  |
| 2.1 Statleg idretts-, folkehelse- og friluftslivspolitikkk.....                                                                     | 6  |
| 2.2 Universell utforming og tilgjenge .....                                                                                         | 6  |
| 2.3 Omsyn til miljø.....                                                                                                            | 6  |
| 2.4 Frivillige lag og organisasjonar .....                                                                                          | 7  |
| 2.5 Fylkeskommunale føringar .....                                                                                                  | 7  |
| 2.5.1 Formalkrav og prinsipp til planen.....                                                                                        | 7  |
| 2.6 Kommunale føringar.....                                                                                                         | 7  |
| 2.6.1 Visjon for temaplanen .....                                                                                                   | 8  |
| 2.6.2 Kommuneplanens arealdel.....                                                                                                  | 8  |
| 2.6.3 Temaplanen som informasjonsverktøy.....                                                                                       | 8  |
| 3. KOMMUNEDELPLAN FOR IDRETT, FYSISK AKTIVITET OG FRILUFTSLIV 2004–2011:<br>RESULTATVURDERING AV FØRRE PLAN MED STATUSOVERSIKT..... | 8  |
| 3.1 Hovudmål 2004–2011 .....                                                                                                        | 8  |
| 3.2 Tiltak og planer 2004–2011 .....                                                                                                | 8  |
| 3.2.1 Idrett.....                                                                                                                   | 8  |
| 3.2.2 Folkehelse.....                                                                                                               | 9  |
| 3.2.3 Friluftsliv .....                                                                                                             | 9  |
| 3.2.4 Nærmiljøanlegg .....                                                                                                          | 10 |
| 3.3 Finansiering av anleggsbygging 2004–2011 .....                                                                                  | 10 |
| 3.3.1 Spelemidlar.....                                                                                                              | 10 |
| 3.3.2 Kommunal finansiering.....                                                                                                    | 10 |
| 3.3.3 Anna finansiering.....                                                                                                        | 11 |
| 3.4 Resultatvurdering .....                                                                                                         | 11 |
| 4. FOLKEHELSE I ALT VI GJER .....                                                                                                   | 12 |
| 5. IDRETTE I MELAND – VEGEN VIDARE FOR LAG, ANLEGG OG DRIFT .....                                                                   | 13 |



|                                                                           |    |
|---------------------------------------------------------------------------|----|
| 5.1 Enkeltlaga og tilknytte anlegg .....                                  | 14 |
| 5.1.1 I.L. Kvernbit.....                                                  | 14 |
| 5.1.3 Nordre Holsnøy I.L.....                                             | 16 |
| 5.1.4 Meland skyttarlag.....                                              | 18 |
| 5.1.5 Nordhordland padleklubb .....                                       | 19 |
| 5.1.6 Meland Motorsport Klubb.....                                        | 19 |
| 5.1.7 Meland Golfklubb .....                                              | 21 |
| 5.1.8 Nordhordland seilforening. ....                                     | 22 |
| 5.1.9 Litlebergen båtforening.....                                        | 22 |
| 5.1.10 Frekhaug Volleyballklubb .....                                     | 23 |
| 5.1.11 Meland Taekwondo Klubb.....                                        | 23 |
| 5.1.12 Skinfakse Rytterklubb/Åsheim Ridning-Skole for hest & rytter. .... | 23 |
| 5.1.13 Meland Ride og Kjøre Klubb/Kårbø ridesenter .....                  | 24 |
| 5.1.14 Nordhordland turlag.....                                           | 25 |
| 5.1.15 Meland Aktiv .....                                                 | 25 |
| 5.2 Driftsmodellar for idretten .....                                     | 26 |
| 5.2.1 Vurdering av driftssituasjonen i Meland .....                       | 26 |
| 5.2.2 Regionale samarbeid .....                                           | 27 |
| 5.2.3 Kapasitet for framtidig folketal .....                              | 27 |
| 6. FRILUFTSLIV .....                                                      | 28 |
| 6.1 Kva er friluftsliv? .....                                             | 28 |
| 6.2 Friområda i kommunen .....                                            | 29 |
| 6.2.1 Håøya.....                                                          | 29 |
| 6.2.2 Hagelsund .....                                                     | 30 |
| 6.2.3 Smineset .....                                                      | 31 |
| 6.2.4 Io.....                                                             | 32 |
| 6.2.5 Fløksand.....                                                       | 33 |
| 6.2.6 Hestnes .....                                                       | 33 |
| 6.2.7 Rydlandsneset/Lunden.....                                           | 34 |
| 6.2.8 Holme .....                                                         | 36 |
| 6.2.9 Elvavika .....                                                      | 37 |



|                                                                 |    |
|-----------------------------------------------------------------|----|
| 6.2.10 Varnappen/Badevika .....                                 | 39 |
| 6.2.11 Leirvik .....                                            | 39 |
| 6.2.12 Skjelanger .....                                         | 39 |
| 6.2.13 Frekhaug aust .....                                      | 40 |
| 6.2.14 Framtidige friområde .....                               | 40 |
| 6.3 Turområde – stiar og vegar .....                            | 42 |
| 6.4 Eigenorganiserte aktivitetar .....                          | 44 |
| 6.4.1. Andre aktørar .....                                      | 45 |
| 6.4.2 Gangveg og sykkelsatsing .....                            | 46 |
| 6.4.3 Lyssette turløypar og turvegar .....                      | 46 |
| 6.4.4 Jakt og fiske .....                                       | 47 |
| 6.4.5 Kyst, sjø og svømming .....                               | 48 |
| 6.4.6 Orienteringskart .....                                    | 48 |
| 7. HANLDINGSPROGRAM FOR ORDINÆRE ANLEGG OG NÆRMILJØANLEGG ..... | 49 |
| 7.1 Prioritert liste 2014–2019 .....                            | 49 |
| Ordinære anlegg.....                                            | 49 |
| Nærmiljøanlegg .....                                            | 49 |
| 7.1 Spelemiddelsøknadar ordinære anlegg 2014.....               | 50 |
| 7.2 Spelemiddelsøknadar nærmiljøanlegg 2014 .....               | 50 |
| 7.3 Uprioritert liste – vi forbereder oss for framtida .....    | 51 |



## 1. INNLEIING

---

### 1.1 Planprosessen

På møte 22.01.13 gjorde Utval for levekår vedtak om å starte opp arbeidet med temaplan for idrett, folkehelse og friluftsliv. Planen er utarbeida i 2013 av Eirik Bouwer Utne, kulturkonsulent i Meland kommune og Bente Bing Kleiva, leiar for tenestoområde kultur

Idrettsrådet i Meland, Bergen og omland friluftsråd og idrett og friluftsliv ved Hordaland fylkeskommune har blitt konsultert. Politisk styringsgruppe for planen er Utval for levekår (ULK), som har hatt planen opp på fire møter i løpet av 2013. Utvalet har vore prosessgruppe. Dei har komme med innspel, hatt gruppearbeid og blitt orientert av administrasjonen om arbeidet med planen. Det har kom inn fire innspel frå lag og organisasjonar i den første høyringsrunden i mai/juni 2013, frå Meland revmatikarlag, Frekhaugmarka vel, Ungdomslaget Varden og I.L. Kvernbit.

Planen blei sendt til offentleg ettersyn i desember 2013, og endeleg handsaming skjer i kommunestyret i første kvartal 2014. Det kom inn seks innspel frå høyringsrunden i desember 2013 – frå Dalemarka velforeining, IL Kvernbit, Anne Grete Kolås – leier i NHF Meland og nestleiar i Fellesrådet, Hordaland fylkeskommune, Austebygda fritidspark og Fellesrådet.

Ein temaplan er ikkje juridisk bindande når det gjeld disponering av areal. Arealvurderingane må derfor takast inn i kommuneplanen sin arealdel. Det har vore eit samarbeid om dette med kommuneplanleggaren. Temaplanen er eit politisk dokument og styringsverktøy, og skal vurdere behov og signal i høve til kommunale målsettingar.

Det har vore fleire synfaringar i kommunen, blant anna på idrettsanlegg, friområde og turstiar.

### 1.2 Planperioden

Temaplan for idrett, folkehelse og friluftsliv har eit tidsperspektiv på fem år, frå 2014–2019. Meland kommune har særskild høg folkevekst og det er derfor behov for ein hyppigare revidering enn ved førre tilsvarande plan. Ved å sette tidspunkt for ny revidering i 2019 vil neste plan bli vedtatt av kommunestyret sett saman etter same års kommuneval.

### 1.3 Kvifor temaplan for idrett, folkehelse og friluftsliv

God folkehelse er noko av det viktigaste for samfunnet vårt og har innverknad på å ha eit godt og rikt liv. Tilgangen på organiserte og eigenorganiserte aktivitetar – innandørs og utandørs – er avgjerande for ei god folkehelse.

Vi må ha ei samfunnsplanlegging som tek vare på idretten og som set folk i stand til å drive med friluftaktivitetar. Vidare er det eit krav frå kulturdepartementet om kommunal plan for idrettsanlegg for å kunne søke om spelemidlar. Temaplanen er eit styringsreiskap for kommunen sine mål for idrettsanlegg og friområde, og anleggsutbygginga skal stå i forhold til samfunnsmessige og idrettspolitiske mål. Planen er òg eit verktøy for å synleggjere behov i kommunen for den vidare



innsatsen for idrett, folkehelse og friluftsliv.

Denne temaplanen er ei revidering og fornying av *Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv. 2004–2011*. Kommunen fekk dispensasjon for å utsette arbeidet med ny plan ut 2013.

## **2. OVERORDNA FØRINGAR OG MÅLSETTINGAR**

---

### **2.1 Statleg idretts-, folkehelse- og friluftslivspolitik**

Temaplanen tek omsyn til statlege føringar og målsetningar. Vi viser til desse styringsdokumenta:

- Stortingsmelding nr. 26 (2011–2012) *Den norske idrettsmodellen*
- Stortingsmelding nr. 34 (2012–2013) *Folkehelsemeldingen. God helse – felles ansvar*
- Stortingsmelding nr. 25 (2002–2003) *Regjeringens miljøvernspolitik og rikets tilstand*
- Stortingsmelding nr. 39 (2000–2001) *Friluftsliv – ein veg til høgare livskvalitet*
- Stortingsmelding nr. 16 (2002–2003) *Resept for et sunnere Norge*
- Stortingsmelding nr. 20 (2006–2007) *Nasjonal strategi for å utjevne helseforskjeller*
- *Norges idrettsforbund og olympiske komités lov*
- *Idrettens barnerettigheter og bestemmelser om barneidrett – Norges idrettsforbund*
- FL-rapport 2012 *Friluftsliv for mennesker med funksjonsnedsettelse*
- *Lov om folkehelsearbeid*
- *Nasjonal transportplan 2010–2019 med den nasjonale sykkelstrategien*
- *Nasjonal handlingsplan for statlig sikring og tilrettelegging av friluftsområder*
- *Nasjonal strategi for et aktivt friluftsliv*
- *Fleire gode leveår for alle – Regional plan for folkehelse 2014–2025*

### **2.2 Universell utforming og tilgjenge**

Universell utforming av nye anlegg og tilrettelegging i dei eksisterande er eit grunnprinsipp for temaplanen. Planen inneheldt målretta tiltak for å støtte opp om arbeidet med å inkludere behovsgrupper, både innan den organiserte idretten og for deira høve til å drive eigenorganisert aktivitet.

### **2.3 Omsyn til miljø**

Det skal takast omsyn til miljøet i alle delar av idrett- og friluftslivet. Drift av eksisterande anlegg og opparbeiding av nye skal gjerast etter høge miljøkrav, og ein skal strekke seg etter å minimere avtrykket både med tanke på avfall, transport og utslipp. Friluftslivsaktivitetar skal ta omsyn til det biologiske mangfaldet, kulturmiljø og -landskap, forsøpling og avfallshandtering og ikkje minst legge til rette for ei overordna skånsam bruk av naturen. Det skal leggast til rette for tilkomst til anlegg, natur og friområde til fots og på sykkel. Idrettsarrangement bør ta omsyn til miljøavtrykket spesielt med tanke på transport, avfallshandtering og resirkulering, matsvinn og kortreist mat. Ein skal



oppfordre til energisparingstiltak.

## 2.4 Frivillige lag og organisasjonar

Den frivillige innsatsen i Norge er på førsteplass i verda sett i forhold til folketalet. Den utgjer over 115 000 årsverk til ein verdi av 61 milliardar kr.

Frivillig innsats er avgjerande for folkehelsa. Den er heilt sentral for at innbyggjarane skal kunne delta i, ha medverking og nyte godt av både organiserte og eigenorganiserte aktivitetar. For å halde den frivillige innsatsen ved lag er ein avhengig av:

- Føreseielegheit
- Meiningsfylte oppgåver til dei frivillige
- Nødvendig opplæring
- Tillitsvalte kan utvikle seg sjølve og organisasjonen, utan at for mykje energi går med til å oppretthalde drifta.

## 2.5 Fylkeskommunale føringar

Hordaland fylkeskommune sin fylkesdelplan «Aktiv kvar dag – Fylkesdelplan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv» er gjeldande til ny regional plan blir vedtatt (*Fleire gode år for alle – Regional plan for folkehelse 2014–2025*). Gjeldande plan legg til grunn ein visjon om at «*Innbyggjarane i Hordaland skal kunne vere «aktiv kvar dag» etter eigne ønske og føresetnader på allment tilgjengelige område i naturen og i anlegg i nærleiken av der dei bur.*» Dette samsvarer med kommunens eigen visjon om «eit samfunn for alle» og «aktiv kvar dag i Meland».

### 2.5.1 Formalkrav og prinsipp til planen

Følgjande formalkrav til planen gjeld som hovudprinsipp. Planen skal vere:

- Ei **målsetting** for kommunen sin **satsing** på idrett og fysisk aktivitet, inklusiv friluftsliv.
- Ei **målsetting** for **anleggsbygging** og **sikring** av **areal** for idrett og friluftsliv.
- Ei **resultatvurdering** av førre plan, med statusoversikt.
- Ein **analyse** av langsiktige og kortsiktige **behov** for både anlegg og aktivitet.
- Eit **prioritert handlingsprogram** for utbygging av idretts- og friluftsanlegg.
- Ein **økonomiplan** knytt til drift og vedlikehald.
- Ei uprioritert liste over **langsiktige behov** for anlegg.
  - Gjere seg klar for uførutsette behov i **framtida**

## 2.6 Kommunale føringar

I framlegget til ny kommuneplan for Meland 2013–2025 står «eit samfunn for alle» som eit berande element i arbeidet med å utvikle kommunen. Vi skal vere ein kommune der innbyggjarane kjenner seg trygge, tek ansvar for eiga helse og for utviklinga av lokalsamfunnet. Vidare skal vi stimulere til kulturell deltaking, kreativitet og fremje fysisk aktivitet. Frivillig innsats skal vere ei berebjelke i kulturlivet. Det overordna målet i kommuneplanen er å «tenke folkehelse i alt vi gjer», og folkehelseproblematikken skal integrerast i planen. I planarbeidet skal ein legge særskild vekt på



grøne areal, helsefremmende perspektiv rundt friluftsliv, idrett og anlegg, lågterskeltilbod i nærmiljøet og ikkje minst areal for eigenorganisert aktivitet.

## 2.6.1 Visjon for temaplanen

Meland er i sterk vekst. Dette betyr at det er stadig større press på areal og fritidstilbod, og det må justerast for eit aukande behov for tilrettelegging og sikring av innbyggjarane sine høve til å drive med aktivitet i kvardagen. Visjonen for planen er «*eit samfunn for alle – aktivitet for alle*». Som innbyggjar i Meland skal ein ha høve til å kunne vere aktiv kvar dag og drive aktivitetar som passer for kvar og ein.

## 2.6.2 Kommuneplanens arealdel.

Temaplanen står i samheng med arealplanen for kommunen. Dette er avgjerande for å kunne sikre areal til framtidig utviding av anlegg og sikring av friluftsområde.

## 2.6.3 Temaplanen som informasjonsverktøy

Det skal utarbeidast ein brosjyre på bakgrunn av temaplanen til bruk i informasjonsarbeidet for innbyggjarane i kommunen, spesielt med tanke på interessantar til eigenorganisert aktivitet.

## 3. KOMMUNEDELPLAN FOR IDRETT, FYSISK AKTIVITET OG FRILUFTSLIV 2004–2011: RESULTATVURDERING AV FØRRE PLAN MED STATUSOVERSIKT

---

Den førre tilsvarende kommunale planen blei vedteken i kommunestyret den 15.12.2004. Planen var ei rullering av *Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og naturopplevingar 2000–2003*. Den første kommunale planen for idrett i Meland blei vedteken i 1991.

Arbeidsgruppa for planen 2004–2011 var plan- og miljøkonsulent Sveinung Toft (Anne Dall-Larsen, vikar frå mars 2004), kulturkonsulent Haldis Dokken Urdal, planansvarlig Kjetil Christensen (Truls Hansen frå desember 2003), samt Meland Idrettsråd ved Arne Øi. Styringsgruppa for planen var Komité for kultur og oppvekst, nå Utval for levekår.

### 3.1 Hovudmål 2004–2011

«Hovudmål med planen er å tilretteleggje for og stimulere til idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv for alle, utifrå deira egne ynskje, behov og føresetnader, samt leggje til rette for kontrollert anleggsutbygging i høve til behov».

### 3.2 Tiltak og planer 2004–2011

#### 3.2.1 Idrett

**Nordre Holsnøy I.L.** sitt anlegg blei prioritert for perioden, og idrettsanlegget Leirdalen har blitt ferdigstilt med kunstgrasbane og klubbhus. Banen blei ferdigstilt med støtte frå Trond Mohn og spelemidlar. Banen er eigd av kommunen. Klubbhuset blei ferdigstilt med hjelp av spelemidlar og



betydeleg dagnadsinnsats. Anlegget har høg kvalitet og bruksfrekvens og er avgjerande for folkehelsa i den nordlege delen av kommunen, spesielt med tanke på barn og unge. (Jmf. p. 5.1.2)

**Meland skyttarlag** sitt anlegg skulle prioriterast for modernisering og vidare utbygging. Anlegget er nå styrt elektronisk og står fram som moderne, trygt og funksjonelt. Skyttarlaget er aktiv med mange unge medlemmar. Anlegget er eigd av skyttarlaget, og har behov for vedlikehald av bygningsmasse. (Jmf. p. 5.1.3)

**Fossemyra idrettspark** skulle vidareutviklast, der stiftinga Meland Aktiv ville bygge ein fleirbrukshall. Denne hallen er bygd, blant anna med midlar frå Trond Mohn. Den huser òg kulturskulen og kommunale bustader. **I.L. Kvernbit** fikk ferdigstilt kunstgrasbane, slik at det i dag er to baner på Fossemyra. Det er behov for utviding av området med ein tredje bane, betre parkering og utviding av hallen. Anlegga er svært mykje brukt, og under sterkt press. (Jmf. p. 5.1.1)

**Golfbanen** til Meland golf og naturpark skulle vidareutviklast med turløyper til ålmenta. Desse turløypene er i dag tilgjengelege. (Jmf. p. 5.1.6)

**Faste driftstilskot** til anlegga skulle vurderast, særleg til dei store anlegga. Dette er ikkje gjennomført, med unntak av Leirdalen idrettsanlegg. (Jmf. p. 5.2)

### 3.2.2 Folkehelse

Førre plan nemner ikkje folkehelse spesifikt, men tematikken går igjen gjennom planarbeidet.

### 3.2.3 Friluftsliv

**Tilkomsten til tur- og friluftsområda** i kommunen skulle betrast. Den er i utgangspunktet tilfredsstillande, men gjenstand for eit ønske om vidare utvikling. Det høge talet innflyttarar gjer at det er eit aukande behov for informasjon og tilrettelegging for brukarar som ikkje er lokalkjente. Friområda er skilta og vedlikehaldne av Bergen og omland friluftsråd. Turområda er til ein viss grad merka og vølt av lokale lag og frivillige, men har behov for betre merking og synleggjering, standardisering og jamleg vedlikehald. Det er nokon stadar utfordringar med parkeringskapasitet, og generelt vanskeleg og komme seg rundt i kommunen til fots eller på sykkel. Det er eit sakn etter ein overordna plan for turløypenettverket.

**Det blei utarbeida eit turkart** for kommunen, som er gratis for nye innbyggjarar i kommunen. Kartet blei gitt ut i mai 2009. I tillegg til GPS-oppmålte turstiar er det markert alt frå fiske-, telt- og badeplassar, kulturminne, og idrettsanlegg til servicetilbod. Det er òg ein tekstdel med skildringar av sju turforslag, generell informasjon om Meland, kulturminne og rettar i samband med bruk av naturen. Det er behov for ein oppdatering av kartet som ein del av arbeidet med utvikling av turløypenettet og friluftstilboda i kommunen. (Jmf. p. 6.3)

Betre tilrettelegging for innlandsfiske for ålmenta var eit anna mål, saman med ålmenta sin **tilgang til sjø og vassdrag**. Det er i dag fritt fiske i over 30 vatn i kommunen. Å legge betre til rette for dette vil vere ein integrert del av det kommande arbeidet med merking og gradering av tur og friluftsområda i kommunen. Det er rett nok dårleg kvalitet på fisken grunna for lite fiske. (Jmf. p. 6.4.4)



**Utvikling av sykkelvegnett**et i kommunen blei sett på som viktig, men utanfor planen sitt mandat. I den nye planen er sykkel inkludert. (Jmf. p. 6.4.1)

### 3.2.4 Nærmiljøanlegg

Det var ei prioritert oppgåve å forsette arbeidet med å bygge ut fleire nærmiljøanlegg i kommunen. (Jmf. p. 3.3.1)

## 3.3 Finansiering av anleggsbygging 2004–2011

### 3.3.1 Spelemlidar

| Anleggsted                  | Anleggsenhet                            | År   | Tildelt   | Utbetalt  |
|-----------------------------|-----------------------------------------|------|-----------|-----------|
| Austebugd Fritidspark       | Ballbinge                               | 2006 | 200 000   | 200 000   |
| Austebugd Fritidspark       | Aktivitetsflate                         | 2007 | 40 000    | 40 000    |
| Dalemarka                   | Dalemarka aktivitetsflate og klatrevegg | 2007 | 40 000    | 34 000    |
| Elvevika friluftsområde     | Fleirbruksflate                         | 2011 | 200 000   | 200 000   |
| Flatøy skule                | Flatøy bygdelag - ballbinge             | 2005 | 200 000   | 200 000   |
| Fossemyra idrettspark       | Fossemyra idrettshus                    | 2005 | 387 000   | 309 000   |
| Frekhaug O-kart             | Orienteringskart Frekhaug               | 2007 | 35 000    | 35 000    |
| Hestdal friluftsområde      | Hestdal friluftsområde                  | 2009 | 35 000    | 35 000    |
| Meland Aktiv                | Meland Aktiv – flerbrukshall            | 2006 | 2 064 000 | 2 064 000 |
| Meland Aktiv                | Meland Aktiv – flerbrukshall            | 2007 | 2 500 000 | 2 500 000 |
| Meland Aktiv                | Meland Aktiv – flerbrukshall            | 2008 | 2 686 000 | 2 686 000 |
| Meland Aktiv                | Meland Aktiv – sosialt rom              | 2009 | 400 000   | 400 000   |
| Meland skytebane, Espetveit | Meland skytebane 100m                   | 2004 | 84 000    | 84 000    |
| Meland skytebane, Espetveit | Meland skytebane 100m                   | 2004 | 121 000   | 121 000   |
| Leirdalen idrettsanlegg     | Leirdalen ballbinge                     | 2007 | 200 000   | 200 000   |
| Leirdalen idrettsanlegg     | Kunstgrasbane                           | 2009 | 900 000   | 900 000   |
| Leirdalen idrettsanlegg     | Kunstgrasbane                           | 2010 | 1 600 000 | 1 600 000 |
| Leirdalen idrettsanlegg     | Grusbane                                | 2011 | 700 000   | 700 000   |
| Orrhøyen                    | Orrhøyen ballbinge                      | 2008 | 200 000   | 200 000   |
| Turkart i Meland kommune    | Turkart i Meland kommune                | 2007 | 87 000    | 87 000    |
| Varnappen friluftsområde    | «Handicaptilrettelegging»               | 2010 | 106 000   | 106 000   |

#### 3.3.1.1 Spelemlidar i dispensasjonsperioden 2012–2013

|                         |                                       |      |         |         |
|-------------------------|---------------------------------------|------|---------|---------|
| Dalemarka               | Dalemarka ballbane                    | 2013 | 200 000 | 170 000 |
| Leirdalen idrettsanlegg | Løpebane<br>friidrett/oppvarmingsbane | 2013 | 422 000 | 0       |

### 3.3.2 Kommunal finansiering

Den kommunale finansieringa har bestått av kulturmidlar, ein eigen driftsmiddelutdeling frå 2010 og fast driftstilskot til Leirdalen idrettsanlegg frå 2009.



### 3.3.3 Anna finansiering

Trond Mohn har bidratt med betydelege summar til anleggsbygging i Meland og dei nye anlegga er i stor grad finansiert gjennom Mohn sine bidrag ved sidan av spelemidlane. Dette har gjort idrettslaga i stand til å tilby sine aktivitetar ved nye og opprusta anlegg, som har komme innbyggjarane til gode. Anleggsutbygginga hadde ikkje vore mogleg utan desse bidraga.

### 3.4 Resultatvurdering

Hovudutfordringane sett fram i kommunedelplanen for 2004–2011 er i stor grad løyst. Det var ein stor mangel på moderne anlegg med god nok kapasitet, og det har vore **eit stort løft for kommunen med anleggsutbygginga** dei siste åra. Den organiserte idretten står sterkt i Meland, med høg deltaking, eit aukande inkluderingsarbeid og større arrangement. Anlegga har rett nok ikkje vore finansiert med kommunale midlar, er med Leirdalen som unntak ikkje eigd av kommunen og står med same unntak utan faste driftstilskot. Kommunen har høg befolkningsvekst og det må planleggast for ein auka brukarmasse ved anlegga. **Friluftslivstilbodet har fått eit løft** med rydding og vøling av fleire turstiar og ikkje minst utgjevinga av turkartet i 2009. Det er rett nok eit stort behov for auka innsats på dette feltet, spesielt med tanke på betre tilrettelegging, tilgjenge og informasjonsarbeid. Det har vore ein omfattande utbygging av nærmiljøanlegg, og denne innsatsen må vidareførast.

Når det gjeld hovudmålet nemnt under 3.1 er arbeidet komme eit godt stykke vidare, men det står igjen fleire punkt, kort summert opp under.

- Driftsmodellen til idretten i kommunen er svært sårbar.
- Sjølv om innsatsen for inkludering av menneske med særskilde behov har ein positiv kurve, må kommunen komme inn med sterke insentiv for at frivilligheita kan fortsette innsatsen, for eksempel ved å bruke treningskontaktane.
- Friluftaktivitetar er høgast på folk i Hordaland sine ønskelister over kva kulturtilbod dei ønsker seg. Her er det behov for ei sterk auking av innsatsen. Noko som blir eit sentralt satsingsområde framover.
- Arbeid med tilrettelegging for eigenorganiserte aktivitetar, spesielt for barn og unge, må prioriterast høgt.



#### 4. FOLKEHELSE I ALT VI GJER

---



Fig 2. Foto: Jørn Kleiva

Stortingsmelding nr. 34 seier at

- *Norge skal være blant de tre landene i verden som har høyest levealder.*
- *Befolkningen skal oppleve flere leveår med god helse og trivsel og reduserte sosiale helseforskjeller.*
- *Vi skal skape et samfunn som fremmer helse i hele befolkningen.*

Meldinga seier vidare at barn og unge sine oppvekstvilkår er avhengig av tilgjenge på leikeplassar, nærmiljøanlegg og andre område for eigenorganisert fysisk aktivitet. Daglig fysisk aktivitet i skular og barnehagar betyr mykje for barn sine *motoriske, psykiske og sosiale utvikling*. Betydinga av turveggar, –stiar og høve til å ha møteplassar for *avkopling og ro i det offentlige rom* er framheva.

Utval for levkår i Meland kommune kom med følgjande innspel til folkehelseperspektivet i temaplanen på møte den 4.6.2013

- Barn og unge skal så tidleg som mogleg kunne vere i aktivitet. Å ta vare på naturområda rundt skular og barnehagar er naudsynt for å oppnå dette.



- Alle innbyggjarane i Meland skal kunne delta i samfunnet på møteplassar som gjer at ein blir sett og respektert. Dette er òg viktig i arbeidet for psykisk helse og menneske i vanskelege livssituasjonar.
- Det må vere eit tverrfaglig samarbeid med brei samhandling om folkehelse i kommunen.
- Det skal fokuserast på ulike alders- og funksjonsgrupper.
- Ein skal søke å få i stand universell utforming i alle ledd av samfunnet.
- Området rundt Mjåtveitlva bør fredast og ikkje byggast ut.
- Nærmiljøanlegg for ungdom i bustadområde må prioriterast
- Det må vere gjennomgåande sykkelsti frå Dalemarka til Vestbygd, som ein del av eit større sykkelvegnett.
- Kommunen skal legge til rette, orientere og hjelpe med blant anna støtteordningar.
- Ein auka satsing på informasjonsarbeid til innbyggjarane.

Nasjonale tal frå Helsedirektoratet visar at 91 % av gutar og 75 % av jenter i 9-årsalderen var aktiv i meir enn éin time dagleg. Dette talet sank til høvesvis 54 % og 50 % i 15-årsalderen. Eit godt grunnlag i begynninga av livet gjer eit godt grunnlag for resten av leveåra til enkeltmennesket. Undersøkinga viser vidare at friluftsliv og idrett er høgast på ønskelista til kva slags kulturinteresser folk har – av begge kjønn.

*Eit samfunn for alle – aktivitet for alle* er som nemnt grunnprinsippet for denne planen. Det skal være høve til å vere *aktiv kvar dag*. Det skal vere gode lågterskeltilbod til alle. Informasjonen skal vere lett tilgjengeleg, forståeleg og proaktiv i aktuelle medium der ein skal inkludere nye innbyggjarar. Det skal leggjast til rette for behovsgrupper, og universell utforming er eit mål i anleggsutbygging og utvikling av tilboda i kommunen. Ein må sjå på tiltak for å inkludere fleirkulturelle, og oppmode til auka deltaking og tilrettelegging. **Folkehelseperspektivet er eit overgripande perspektiv i temaplanen.**

## 5. IDRETTE I MELAND – VEGEN VIDARE FOR LAG, ANLEGG OG DRIFT

---

Anleggs situasjonen i Meland er til ein viss grad tilfredsstillande. De ulike laga har anlegg til sine idrettar, som er i relativt moderne stand. Fleire av anlegga passar til å arrangere konkurransar. Kvernbit Cup er ei stor årleg fotballturnering med fleire tusen unge deltakarar og har blitt arrangert sidan 1973. Viktige utfordringar for idretten er føreseieleg finansiering av drift av anlegg, fråfallet i aldersgruppa 13-16 år, rekruttering av nye leiarar og inkludering av fleirkulturelle og behovsgrupper.

I denne gjennomgangen av dagens anlegg og driftssituasjon vil hovudvekta ligge på vidareutvikling av eksisterande anlegg.




Fig 3. Idretts- og nærmiljøanlegg, samt skular i Meland. Kart: Niels Torger Granum

## Idrettsrådet

Idrettsrådet i Meland er ein god samarbeidspartner og ressurs for kommunen. Dette samspelet er sentralt for gode organiserte og eigenorganiserte tilbod for innbyggjarane i Meland og skal vidareførast og styrkast. Det er ønskeleg å få på plass ein samarbeidsavtale mellom idrettsrådet og kommunen i løpet av planperioden.

## 5.1 Enkeltlaga og tilknytte anlegg

Det er elleve lag som er representerte i idrettsrådet. Laga har alle fokus på yngre medlemmar med nokon variasjonar.

### 5.1.1 I.L. Kvernbit

Forløparen til I.L. Kvernbit blei danna i 1930 og blei det første idrettslaget på Holsnøy. Frå opphavleg å ha eit hovudfokus på friidrett er det i dag fotballen som er den største idretten i laget. Kvernbit har òg volleyball, ski, barneturn og trimgrupper, orientering, klatring, cheerleading og amerikansk fotball. Laget har ei ordning med utandørs skøytebane vinterstid. Meland taekwondo Klubb blir ein del av I.L. Kvernbit frå januar 2014. «Bånn gass» er ei gruppe som er eit treningstilbod for utviklingshemma.



Fig 4. Fossemyra idrettspark og Meland Aktiv. Foto: Nordhordlandskart.

### **Fossemyra idrettspark**

Fossemyra sto ferdig i 1979 og består i dag av to kunstgrasbaner, ein halv grusbane og er tilknytt fleirbrukshallen til stiftinga Meland Aktiv. Fotballbanane er eigde av I.L. Kvernbit, på kommunal grunn. Anlegget blir òg brukt av Sagstad skule, Meland ungdomskule og Danielsen skule.

Det er behov for avklaring av situasjonen for sikring av areal rundt Fossemyra. Området mellom grusbane og fylkesveg 244 må settast av til idrettsanlegg og gi høve til utviding og opprusting av eksisterande grusbane til kunstgrasbane. Høve til å bygge eit halloverbygg over denne banen skal utgreiast. Ei slik utbygging vil komme i konflikt med eksisterande parkering og det er behov for nytt parkeringsareal, som vil komme fram gjennom arbeidet med kommunal arealplan. Dagens parkering er òg brukt av Sagstad skule. Denne sambruken må avklarast òg med tanke på drifta av plassen.

Ein må sjå på kvar ein kan gjennomføre planane om løpebane, sykkelrampe, tennisbanar og sandbane til fot- og volleyball. Areal til leikeområde for dei yngste barna bør prioriterast for å gi dei minste ein stad å vere, samt skape ein sosial arena for foreldre.

Tilkomsten frå Frekhaug til fots og på sykkel er via Bustølvegen. Denne blir i praksis mindre brukt til dette formålet enn fylkesvegen og skal merkast tydelegare. Her må det vere eit haldningsskapande arbeid frå idrettslag og skular for å minske den trafikkfarlege ferdselen til fots og på sykkel langs fylkesvegen. Ved ei framtidig utbygging av fylkesvegen må det òg inkluderast bygging av ny gang- og sykkelveg saman med vegtraseen.



## Drifta

Det er høge direkte driftskostnader på Fossemyra. Ein kunstgrasbane har ein årleg driftskostnad på mellom kr 150 000–200 000, og det er ei belastning for eit idrettslag å drifte to banar. Det er òg sårbart å basere drift av tekniske installasjonar, som lyskastarar og brøyting, på frivillige. Mykje av tida frivillige bruker i idrettslaget i dag går til å vøle og drifte anlegg, i staden for å drive med arbeid og trening for barn og unge.

Framtidig utbygging og vidareutvikling av Fossemyra er avhengig av ei avklaring og betring av det økonomiske driftsgrunnlaget. Det er ønskeleg at kommunen kjem inn med eit fast driftstilskot til anlegget og bidreg med teneste som brøyting og hjelp til utfordringar med vedlikehald. Det skal settast i gang eit samarbeid mellom kulturavdelinga i kommunen og idretten for å sjå nærmare på ei prioritert utvikling sett i forhold til driftsutgiftene.

### 5.1.2 Nordre Holsnøy I.L.

Idrettslaget blei stifta i 1959 og har kjerneområdet sitt nord på Holsnøy. Dei har idrettane fotball, handball og volleyball samt trim- og zumbatilbod. Kvar år arrangerast NHIL Cup av handballgruppa.



Fig 5. Leirdalen idrettsanlegg. Klubbhus ikkje ferdigstilt. Foto: Nordhordlandskart.



Fig.6. Leirdalen idrettsanlegg med nytt klubbhus. Foto: Eirik Bouwer Utne

## **Leirdalen**

Leirdalen idrettsanlegg har blitt rusta opp dei siste fem åra og har i dag kunstgrasbane, grusbane og løpebane/oppvarmingsbane på 100 meter. Anlegget blei finansiert med støtte frå Trond Mohn og spelemidlar. I 2013 opna nytt klubbhus, som og blir utleigd til møte- og selskapsformål. Klubbhuset blei bygd ved omfattande dugnadsinnsats. Anlegget ligg sentralt på Rossland/Vikebø og like ved friområdet Lunden. Leirdalen blir òg brukt av Rossland skule og er kommunen sin eigedom.

Det er behov for sikring av areal for framtidig utbygging i samband med ny kommunal arealplan. Det skal takast høgde for å kunne utvide til to kunstgrasbanar av same storleik som dagens eine ved å snu banelengda 90 grader og ha parallelle banar mot sørvest. Tilkomsten til fots og på sykkel frå Vikebø er gjennom Rylandshøgda og fylkesveg 248. Ein må greie ut situasjonen for gåande og sykkel, spesielt med tanke på trafikksikringstiltak i Vikebø sentrum.

Anlegget bør settast i samanheng med friområdet Lunden i den kommunale planlegginga. Her kan Rossland/Vikebø-området få ein naturpark i nærleiken til både sentrum, idrettsanlegg og sjø.

## **Drifta**

Det er høge direkte driftskostnadar knytt til kunstgrasbanen på same måte som ved Fossemyra. Kommunen bidrar med eit fast årleg tilskot på kr 120 000 til drifta av banen. Leirdalen er det einaste anlegget i kommunen som tek i mot eit slikt tilskot. Bakgrunnen for dette er avtalen med Mohn i samband med bygginga av kunstgrasbanen.



Arbeidet med drifta av anlegget skjer òg her på dugnad og møter dei same utfordringane som på Fossemyra. Innsatsen frå frivilligheita går i stor grad med på anleggsdrift, noko som har ein slitasjeverknad. Utfordringane med teknisk drift er lik som ved Fossemyra, og det er ønskeleg at kommunen aukar driftstilskotet til anlegget og bidreg med teneste som brøyting og hjelp til utfordringar med vedlikehald.

### 5.1.3 Meland skyttarlag

Meland skyttarlag blei stifta i 1900 og har tilhald på Espetveit. Laget er med i Det frivillige skyttervesen.



Fig 7. Meland skyttarlag. Skytestilling 100m i forgrunn. Foto: Eirik Bouwer Utne

#### ***Skytebanen på Espetveit***

Skyttarlaget har fasilitetane og skyttarhusa sine ved Skartjørna mellom Espetveit og Hestnes på Holsnøy. I klubbhuset er det ei 15 meters skytebane med sju elektroniske skiver, som blir brukt av medlemmane vinterstid. Her er det òg utleige til private arrangement. Klubbhuset er skyttarhus for



utandørs bane på 200 meter med ti elektroniske blinkar, eit noko mindre skyttarhus nedanfor brukast til å skyta på sju elektroniske blinkar på 100 meter. Laget har aktivitetar for barn frå ti-årsalderen og eigne treningar for unge opp til 18 år. Dei arrangerer òg oppskyting til jegerprøven og samarbeider med andre skyttarlag i regionen. Dei arrangerer skyteprøven for jegarar.

Laget eiger sjølv skytebanen og fasilitetane der. Anlegget fungerer godt og er i god stand, men har behov for vedlikehald av bygningsmassen og utviding av skyttergrav på 100m for meir effektiv avvikling av konkurransar for barn og unge. Vidare modernisering og vøling av anlegget skal utførast i planperioden.

Tilkomsten er via Håtuftvegen. Det er ikkje lagt til rette for gang og sykkel, men vegen har lite trafikk. Det er sti gjennom skog mot Grasdal.

#### Drifta

Laget har forenkla drifta ved å bruke elektroniske skyteskiver, som registrerar og reknar ut treffpunktet med hjelp av lyd. Likevel er laget avhengig av ein stor frivillig innsats frå medlemmane. Skogryddinga i området er eit resultat av kontinuerlig innsats, som er viktig for tryggleiken. Det er ønskeleg at kommunen kjem inn med eit fast driftstilskot til anlegget og bidreg med teneste som brøyting og hjelp til utfordringar med vedlikehald.

#### 5.1.4 Nordhordland padleklubb

Nordhordland padleklubb blei stifta i 2003 og har tilhald i Kjeldevika på Flatøy, like ved Frank Mohn A/S sine lokale. Klubben arbeider aktivt for inkludering og har delteke både i Friskusprosjektet og Padling og psykisk helse. Her har det vore arrangert kompetanseheving gjennom treningskontaktkurs og laget har kursa funksjonshemma og deira treningskontaktar.

Klubben har faste fellespadlingar, er delaktig i Havsportveka og havpadlarsamlingar på Rongevær.

#### *Klubbhuset på Flatøy*

Frank Mohn Flatøy tildelte i 2011 eit klubbhus i Kjeldevika på Flatøy. Huset har blitt pussa opp blant anna med universelt utforma bad, men har behov for betre tilkomst og lagringsplass av utstyr. Klubben vil betre tilkomsten til sjøen for menneske med nedsett funksjonsevne i samband med den store satsinga på inkludering. Klubben har behov for nye lokale i samband med eventuelle framtidige utbyggingar på Flatøy. Tilkomst er via Flatøyvegen.

#### Drifta

Klubben har betydelege utgifter knytt til drifta av klubbhuset. Klubben har utløyst ein del tilskot til inkluderingsprosjekta sine, men det er ønskeleg at kommunen kjem inn med eit fast kommunalt tilskot for å sørge for ein stabil og føreseielig situasjon for frivilligheita i laget. Kommunen bør i større grad dra nytte av klubben sine treningskontaktar og kompetanse på inkludering.

#### 5.1.5 Meland Motorsport Klubb.

Motorsportklubben har anlegget sitt ved fylkesveg 249 like nord for Rossland. Det er mange barn og unge i klubben. Klubben har eit sterkt fokus på inkludering av unge med åtferdsvanskar.



Fig 8. Meland Motorsportklubb. Perleveggen øvst til høgre. Foto: Eirik Bouwer Utne

### **Motocrossbanen**

Det er store planar om utviding av baneanlegget, med ambisjonar om å kunne spele ein regional rolle innanfor idretten sin. Den eldre løypa er i dag turveg, og ny utbygging er undervegs. Dette blir ein krevjande og stor løype, med tilkomstvegar og ny parkeringsplass. Området ligg ved ein av innfallsportane til Eldsfjellmassivet, som er eit populært turområde. Like ved ligg òg den såkalla Perleveggen, som er eit populært og utfordrande klatreområde. Det er naturleg å sjå anlegget i samband med andre aktivitetar, med parkeringa og toalettfasilitetane. Området egner seg godt som innfallsport til turområda rundt, og vil etter utbygginga stå fram som eit moderne og viktig anlegg for motocrossporten. Kommunen bør bli ein partner i vidareutviklinga av området. Det må



settast av areal til utviding av anlegget i arealdelen av kommuneplanen. Det er ikkje gang- og sykkelveg langs fylkesveg 249, ved ein framtidig vegutbygging må dette inkluderast.

## Drifta

Det er kostbart å drive motocrossanlegg, med blant anna vedlikehald av bane, sykklar og generelt tryggingssarbeid. Utbygginga finansierast med spelemidlar og andre tilskot. Klubben drifter eit skreddarsydd treningstilbod for barn og unge med diverse psykiske utfordringar, noko som fører til ei inkludering av desse i klubben si generelle verksemd og ikkje minst ein sosial arena for foreldre og føresette. Kommunen bør i større grad dra nytte av klubben sine treningskontaktar og kompetanse på inkludering, og det er ønskeleg at kommunen kjem inn med eit fast årleg driftstilskot.

### 5.1.6 Meland Golfklubb

Golfklubben blei stifta i 1995 og har tilhald på Meland golf og naturpark i Leirvik. Klubben har òg eigne eldregrupper, ein viktig sosial funksjon og høg folkehelseverdi.



Fig. 9. Meland golf- og naturpark. Foto: Jørn Kleiva

### **Meland golf og naturpark**

Golfbanen blei opna i 1999 og er ein 18-hulls skogsbane. Den har blitt kåra til ein av dei fem mest utfordrande golfbanane i verda og er godt kjent både nasjonalt og internasjonalt. Den er òg ein naturpark, med tilhørande turveggar i eit flott skogkledd landskap med mykje dyreliv. Klubbhuset er på det gamle tidlegare gardstunet i Leirvik, som blei husmorskule allereie i 1909. Skule- og



internatbygningen er i Hordaland fylkeskommune sin eige, men brukt av golfklubben. Her er det òg utleige til private arrangement. Tilkomst er via Beitingsvegen frå fylkesveg 564, og det er dårlege forhold for gåande og syklande. Dette må betrast ved framtidig vegutbygging.

#### Drifta

Det er sær s høge direkte driftskostnadar knytt til golfbanen, i tillegg til lønsutgifter. Klubben er blant anna finansiert gjennom medlemskap, men er sårbar med tanke på dei høge utgiftene. Ved sidan å vere eit viktig bidrag til folkehelsa i Meland gjennom golfsporten, er naturparken gratis tilgjengeleg for alle. Det er derfor ønskeleg at kommunen aukar ramma til driftstilskot til idrett, slik at golfklubben kan bli tildelt tilskot ved søknad spesielt med tanke på vedlikehald og tilrettelegging som friområde.

### 5.1.7 Nordhordland seilforening.

Seglforeininga driv seglsport og arbeider for å fremme segling som friluftaktivitet.

#### Anlegg

Klubben har tilhald i Litlebergen der dei leiger naustplass og møtelokale hos båtforeininga. Laget eig fire optimistjoller, arrangerer regattaar og ulike kurs og er viktig for sjøsporten i Meland og Nordhordland. Det er ikkje gang og sykkelveg i området, som må bli med i framtidig vegutbygging.

#### Drifta

Seglforeininga har driftskostander knytt til leige av lokale i Litlebergen. Det er ønskeleg at kommunen aukar ramma til kulturmidlar til idrett, slik at laget kan bli tildelt tilskot etter behov ved søknad.



Fig. 10. Litlebergen båtforening. Segleklubben har òg tilhald på Litlebergen. Foto: Eirik Bouwer Utne

### 5.1.8 Litlebergen båtforening

Båtforeininga held til på Litlebergen. Dei eig anlegget sjølv, som består av kaifrontar, parkeringsplass, flytebyggjer, bølgebrytar, naust og ein stor eldre møllebygning med fleire ulike lokale.

#### Drifta

Foreininga blir driven gjennom omfattande frivillig innsats og mykje dugnad. Inntektene kjem i stor



grad frå leige av båt plass. Anlegget har vore gjennom ei stor utbygging dei siste åra, og foreininga planlegg ytterlege tiltak på hovudbygningen og i området. Møllebygningen kan med sine fasilitetar brukast til aktiviteter knytt til friluftsliv i samspel med kultur- og naturopplevingar. Ein bør sjå på korleis Litlebergen kan vidareutviklast saman med andre aktørar, området står òg naturleg saman med Håøya og Nordhordland padleklubb sitt anlegg. Nordhordland seilforening leiger lokale av båtforeininga. Det er ønskeleg at kommunen aukar ramma til kulturmidlar, slik at foreininga kan bli tildelt tilskot etter behov ved søknad.

Kulturminnesituasjonen skal avklarast i samband med kommunal plan for kulturminne.

### 5.1.9 Frekhaug Volleyballklubb

Volleyballklubben har eksistert i rundt 20 år og driv volleyball i Meland Aktiv og på sandvolleyballbanen i friområdet Varnappen/Badevika på Frekhaug.

#### *Anlegg*

Sandvolleyballbanen er ikkje eigd av volleyballklubben, men dei bidrar til vedlikehald.

#### *Drifta*

Laget har ikkje særlege utgifter til drift av anlegg, men det er ønskeleg at kommunen aukar ramma til kulturmidlar til idrett, slik at laget kan bli tildelt tilskot etter behov ved søknad. Framtida for sandvolleyballbanen er usikker og ein må sikre eit langsiktig ansvarsforhold når det gjeld drifta.



Fig. 11. Sandvolleyballbanen på Varnappen, Frekhaug. Foto: Eirik Bouwer Utne

### 5.1.10 Meland Taekwondo Klubb

Klubben blei stifta i 2012 og blei ein del av I.L. Kvernbit frå januar 2014. Treninga føregår i Meland Aktiv, både for barn, unge og vaksne. Klubben gjennomfører gradering.

### 5.1.11 Skinfakse Rytterklubb/Åsheim Ridning-Skole for hest & rytter.

Klubben har tilhald på Grasdal og tilbyr undervisning, trening og kurs innan dressur og hestepass. Dei har eigen juniorgruppe for barn og unge, blir drifta gjennom medlemsskapsavgift og dugnad og er



opptatt av inkluderingsarbeid.

## **Anlegg**

Klubben har samarbeid med *Åsheim Ridning-Skole for hest & rytter* om bruk av anlegg på Grasdalen ved Håtuftvegen. Rideskolen er lærebedrift i hestefaget og har høg internasjonal kompetanse. Anlegget har ridebane med dressurstandard, sti til ridning og venter på godkjenning til bygging av teltekladd avlastningshall til bruk om vinteren og ved dårlig vær. Stall med ni boksar, luftegard, beite, vaskeplass, vognskjul og kundeparkering. Anlegget har ambisjonar om å utvide eksisterande sti og ta i bruk nye stiar. Tilkomst er via fylkesveg 246, og det er ikkje gang og sykkelveg.

## **Drifta**

Rideanlegget blir finansiert blant anna gjennom utleige av boksar og kursverksemd. Anlegget er avhengig av bygging av avlastningshall for kontinuerlig drift. Det er ønskeleg at kommunen aukar ramma til driftstilskot til idrettsanlegg og kulturmidlar til idrett, slik at *Åsheim Ridning-Skole for hest & rytter* og Skinfakse Rytterklubb kan bli tildelt tilskot etter behov ved søknad.

### **5.1.12 Meland Ride og Kjøre Klubb/Kårbø ridesenter**

Klubben har tilhald på Kårbø og tilbyr rideknappen, trening og kurs til deltaking i konkurransar. Klubben har som mål om å auke aktiviteten og arrangere stevner.



Fig 12. Kårbø ridesenter. Foto: Eirik Bouwer Utne

## **Anlegg**

Klubben har samarbeid med *Kårbø opplevelser A/S* som driver rideanlegget på Kårbø. Anlegget tilbyr blant anna ridehall på 20x40m, oppstalling, parkering, utleige av boksar og har egne hestar. Anlegget har òg 300 meter skogsveg til ridning. Denne vegen kan forlengast og gi betre tilkomst mot Eldsfjellet frå Kårbø, som i dag er prega av svært myrlendt og fuktig lende. Dette vil vere til gevinst for området og bør settast i samanheng med det kommande fokuset på turområda i Meland. Anlegget må sjåast i samband med Sansesenteret og andre organiserte opplevingstilbod på Kårbø.

Tilkomst er via fylkesveg 249, og det er ikkje gang og sykkelveg. Dette må bli med i framtidig vegutbygging.

## **Drifta**

Det er ønskeleg at kommunen aukar ramma til driftstilskot til idrettsanlegg, slik at



hestesportanlegget kan bli tildelt tilskot etter behov ved søknad.

### 5.1.13 Nordhordland turlag

Nordhordland Turlag omfattar kommunane Lindås, Meland, Radøy, Fedje, Austrheim, Masfjorden og Modalen. Laget blei stifta i 1993 og er eit lokallag tilknytt Bergen og Hordaland Turlag. Dei har driftsansvar for tre hytter i Stølsheimen og arrangerer turar til fots og på sykkel og brekurs. Under turlaget er det tre Barnas Turlag-grupper i Nordhordland, eit av dei i Knarvik/Alver, i tillegg til DNT Ung Nordhordland.

Laget arrangerer turar til fots og på sykkel i Meland. Det skal settast i gang ein samtale mellom kommunen, idretten og Turlaget om korleis eit samarbeid og auke i aktivitet kan ta form.

Laget drifter ingen turstiar i kommunen og vil vere ein naturleg samarbeids- og innspelspartner i arbeidet med merking og gradering i Meland.

### 5.1.14 Meland Aktiv

Meland aktiv er ei stifting som eig og drifter fleirbrukshallen ved Fossemyra idrettspark. Hallen blei ferdigstilt i 2005 og er mykje brukt av både I.L. Kvernbit og Nordre Holsnøy I.L. Meland kommune er leigetakar, med blant anna bruken frå skulane og lokale til kulturskulen.

#### *Anlegg*

Fleirbrukshallen har ein fullskala handballbane som kan delast inn i mindre banar og er oppmerka for blant anna fotball, basketball og volleyball. Det er treningsrom, klatrevegg, garderobar, driftskontor, kultursal, kiosk/kjøkken og fem kommunale bustadar. Hallen sin kapasitet er sprengt og det må utgreiast høva til å utvide hallen mot nord i ledig areal.

#### *Drifta*

Drifta er finansiert gjennom stiftinga og er nært knytt til I.L. Kvernbit. Personalkapasiteten er for liten for å drive eit heilt anlegg i samband med Fossemyra idrettspark. Hallen er avhengig av frivillig innsats. Det er aktivitetar på kveld og i helg, vakt- og låsetenester fører til slitasje på den frivillige innsatsen. Stiftinga ønsker å tilby open hall, noko som vil krevje vaktteneste. Drifta er i stor grad finansiert av Trond Mohn. Kommunen må komme inn som ein partner i ei utgreiing om korleis driftssituasjonen kan betrast.



## 5.2 Driftsmodellar for idretten

I dag er idrettsanlegga i Meland drifta gjennom frivilligheita, tilskot frå Meland kommune og Trond Mohn. Den organiserte frivilligheita i Meland er svært sterk og legg ned ein årleg innsats tilsvarande 24 årsverk.

### 5.2.1 Vurdering av driftssituasjonen i Meland

Det er behov for ei avklaring av driftsøkonomien i idretten for å kunne sikra ei føreseieleg drift.

Modellen vi har i dag er sårbar på lengre sikt og har vore under press gjennom fleire år. Sårbarheita er blitt tydeleggjord gjennom at laga har fått ansvar for større anlegg dei siste åra og det er vanskeleg å spå kva slags form den frivillige innsatsen vil ha i dei neste tiåra. Mykje av innsatsen frå frivillige er knytt opp mot direkte drift av anlegga, noko som kan gi rekrutteringsutfordringar på lengre sikt. Drift av idrettsanlegg behøver kompetanse. Idretten kan sjølv ikkje forventast å inneha denne omfattande og varierte kunnskapen. Det er utfordringar knytt til eigarstrukturen ved nokre av anlegga, ein bør utgreia kva for konsekvensar dette har for drifta og føreseielegheita. Kommunale avgifter ved utbyggingar av nye anlegg kan òg vere ei belastning. Ein bør sjå på løysingar for å avlaste utbyggar for desse kostnadane.

#### 5.2.1.1 Faste driftstilskot til fem store anlegg

Faste driftstilskot vil auke føreseielegheita både for idretten og kommunen.

Tilskota bør ha ei gradvis justering i løpet av planperioden, men auke i tilskot må sjåast i samanheng med kommunen sin økonomiske situasjon dei kommande åra.

Leirdalen idrettsanlegg har eit fast driftstilskot og ein bør greie ut ei etablering av tilsvarande faste tilskot til nye fire anlegg: Fossemyra idrettspark, skytebanen på Espetveit, padleklubbens sitt anlegg og Meland motocrossbane.

Tilskota til andre anlegg i kommunen bør bli ytt ved søknader i forhold til behov, spesielt med tanke på vedlikehald og direkte driftskostnadar. Det bør vere ei gradvis justering av tilgjengelege midlar til slike tilskot i planperioden sett i forhold til budsjett, der det òg bør vurderast ei tilskotsordning til eigenorganiserte aktiviteter.

Faste driftstilskot vil vere meint til å dekke direkte kostnadar knytt til drifta som for eksempel vatn, straum, forsikring og leiekostnadar. Det bør utgreiast korleis ein kan dra felles nytte av brøyteteneste og vedlikehaldskompetanse i kommunen. Idrettens kostnadar vil i større grad bli retta mot å drive idrett med aktivisering, inkludering og kompetanseheving. Idretten har eit sosialt samfunnsoppdrag og det er ikkje ønskeleg at sosiale og økonomiske forhold skal hindre deltaking i organisert idrett.

#### 5.2.1.2 Kommunen si rolle på lengre sikt

I planperioden vil kulturavdelinga i samarbeid med andre greie ut kommunen si rolle på lengre sikt og sjå på ulike modellar frå andre kommunar.



### **5.2.1.3 Drift og vedlikehald av nærmiljøanlegg**

Det er mange nærmiljøanlegg i kommunen. Saman med kommande anlegg av same type gir dette vedlikehaldsutgifter som kan vere utfordrande å bere for mindre lag og samanslutningar. Anlegget sin status etter den påkravde driftstida på 20 år må avklarast i samtale mellom kommune og driftar. Det er ønskjeleg med ei tilskotsordning for større vedlikehaldsutgifter og høve for vidareføring av anlegga etter den påkravde driftstida.

### **5.2.2 Regionale samarbeid**

Ein må sjå på høva for regionalt samarbeid og samhandling innan idretten, spesielt med tanke på planlegging av anlegg av regional verdi. Idrettsråda i Nordhordland har eit gryande samarbeid, som vil vere viktig og nyttig for vidare regional samhandling.

### **5.2.3 Kapasitet for framtidig folketal**

Folketalet veks kraftig i Meland, noko som er stipulert til å forsetje. Presset på eksisterande anlegg kjem til å auke og det må takast høgde for framtidige behov for utviding av eksisterande anlegg og nye bygg. Høva for at innbyggjarane kan drive eigenorganisert aktivitet i funksjonelle og varierte område må sikrast og det må leggest til rette for nyetableringar av organiserte tilbod ved behov.



## 6. FRILUFTSLIV

---

Friluftslivet i Meland har gode føresetnader med mykje variert natur. Holsnøy er kupert med fleire fjell- og åsområde, skog og innsjøar og ikkje minst kyst- og strandsona. Befolkninga har lett tilkomst til tur- og friområde som er attraktive og med mange høve til eigenorganiserte aktivitetar. Det er få innbyggjarar som bur meir enn 500 meter frå ei turløype. Informasjonen om desse tilboda er mangelfull og utilstrekkeleg for tene ei veksande befolkning med mange nye tilflyttarar og eit stort areal med til dels dårleg infrastruktur. Utbyggingstakta er høg og det er viktig å sikre tur- og friområde for framtida. Det er også miljømessige utfordringar knytt til vassdraga.




Fig. 13. Vinter i Meland. Foto: Jørn Kleiva

### 6.1 Kva er friluftsliv?

Friluftsliv kan definerast som *opphald og fysisk aktivitet i fritida med sikte på miljøforandring og naturoppleving*. I fritida samlar vi overskot og gjennom friluftslivet får tankane fred i møte med natur, fysisk aktivitet og sosialt samhald. Å ferdast i naturen gjev oss òg eit blick inn i historia der møte med kulturminne, kulturlandskap og gamle ferdselsvegar gir kontakt med ein djupare tidshorisont i det lokale samfunnet.

Meland kommune er med i Bergen og omland friluftsråd (Bof), som eig og drifter mange friområde i regionen. I Meland er det tolv slike område.



Håøya har vore vardevete og blei gjenstand for ei storstilt utbygging som forsvarsverk i tida før unionsoppløysinga fram til slutten av første verdskrig. Det er verneverdige krigsminne og restar etter militære installasjonar. Det var òg militær flystasjon i Flatøyosen.

Kommandantbustaden blei pussa opp på slutten av 1990-talet, men har jamleg vore utsett for hærverk. Det er ikkje tilsyn med bygningen og derfor utfordrande å hindre hærverk. Det har vore vurdert å få inn andre interessantar, med dette har vist seg vanskeleg. Naustet, gjerd, porter og toalettet har vore utsett for hærverk.

Bof skal vøle vegen opp til Håøytoppen, men har mykje av innsatsen sin bunden opp i vedlikehald og reperasjonar etter hærværk. Området gror til og det er vanskeleg å få i gang igjen beiting på grunn av



knust glas og hundar som ikkje er i band.

Viss reguleringsplanen for Midtmarka blir realisert må tilkomsten og parkeringa til området vere med i utbygginga slik at kommunen sikrar framtidig tilgang og bruk av Håøya.

Det er i gang eit arbeid for å ruste opp stien frå blandeverket på Flatøy i samarbeid med Folkehøgskulen, Flatøy bygdelag og Bof. Stien går gjennom blautt og ulendt terreng og må på lengre sikt ha tiltak for å sikre universell utforming viss ikkje reguleringsplanen blir realisert.

Kulturminnesituasjonen skal avklarast i samband med kommunal plan for kulturminne.



Fig. 15. Håøya. Foto: Eirik Bouwer Utne og Nordhordlandskart.

### 6.2.2 Hagelsund

Hagelsund friområde var ein del av forsvarsanlegget på Håøya og ligg like sør for Hagelsundbrua. Her er det fortøyingsplass for båt og høve til å fiske frå land.

Tilkomst over land er frå blandingsverket og sørover under E39 eller frå Austregarden. Det er behov for betre merking av stiane.




Fig. 16. Hagelsund. Friområdet ved den lille bukta midt langs kyststrekninga. Foto: Nordhordlandskart.



### 6.2.3 Smineset

Badeplass ved Litlebergen, mest brukt av lokalsamfunnet. Opphavleg del av forsvarsverka Håøya. Tilkomsten er delvis gjennom privat eigedom og det krev ein viss lokalkunnskap for å finne fram. Det er ikkje eiga parkering eller skilting. Området fungerer som ein lokal badeplass og blir ikkje vurdert til å ha eit potensiale som badeplass for heile kommunen grunna storleik, tilkomst og parkeringstilhøva.



*Fig 17. Frå Smineset mot Håøya. Foto: Eirik Bouwer Utne*

#### 6.2.3.1 Sundet

Sundet ligg like nordvest for Smineset og var ein del av området da Forsvaret gav det frå seg. Her er det dårleg tilkomst og området fungerer i dag som ein grøn buffer. Det er ingen planar for tiltak i dette



#### 6.2.4 Io

Området på Io har teltplass, vatnpost, toalett og parkering til rundt 40 bilar. Teltplassen er mykje brukt. Området har sti mot nordvest ut forbi Kobbevågen over letangen til bade- og fiskeplass. Denne delen er mest populær blant båtfolket. Stien går gjennom kupert terreng og det vil vere kostbart å ruste den opp til betre standard. For padlarar står området i samanheng med andre plassar nord på Askøy og mot Skjelanger som raste- og overnattingsplass.



*Fig 18. Frå Io. Foto: Nordhordlandskart.*



## 6.2.5 Fløksand

Fløksand friområde er den mest kjente badeplassen på Holsnøy i dag. Her er det stupebrett, badeplatting, informasjonstavle, toalett og parkeringsplass. Det er òg rampe og fiskeplass for menneske med nedsett funksjonsevne.

Bof har ikkje planar om fleire tiltak i området. Kommunen bør i arealdelen av kommuneplanen innarbeide betre parkeringskapasitet sidan presset er stort på fine dagar. Krysset mot fylkesveg 564 er svært trafikkfarleg. Strekinga på fylkesvegen mot søraust er svært utsett for ulykker. Trafikksituasjonen må avklarast og settast i samanheng med ny framtidig gang- og sykkelveg.



Fig. 19. Fløksand friområde ved øya bakerst i bildet. Meland golfklubb i forkant. Foto: Nordhordlandskart.

## 6.2.6 Hestdal

Området ligg innerst i Hestnesvatnet, som er ein sidearm til Storavatnet. Området fungerer som utgangspunkt for padling med kano og kajakk, med parkering og tilpassing for menneske med nedsett funksjonsevne. Ein kan padle over heile Storavatnet og vidare til Bjørndalsvatn gjennom ein kort kanal for så og bere kajakk eller kano over eit kort eid til Rylandsvatnet. Området krev ikkje nye tiltak, og er vurdert til å fungere godt slik det er i dag.



## 6.2.7 Rydlandsneset/Lunden

Rydlandsneset ligg mellom Vardneset på lo og Vikebø sentrum. Området har vore brukt til undervisning av Rossland skule over fleire tiår. Området har gammalt kulturlandskap, variert vegetasjon og mange forvilla hage- og kulturplantar. Tilkomsten er gjennom byggefelt og må sikrast gjennom kommuneplanen sin arealdel. Området skal rustast opp av kommunen i samarbeid med Bof og lokale lag som friområde for Rossland/Vikebø. Det er ikkje ønskeleg med store inngrep, men heller tiltak og installasjonar som er tilpassa natur- og kulturmiljøa. Området har ein naturleg brukssamanheng med Leirdalen idrettsanlegg, og det må leggst til rette for god tilkomst mellom områda. Stien til Leirdalen går gjennom ein privat eigedom, noko som krev samarbeid med grunneigar.



Fig. 20. Rylandsneset/Lunden. Leirdalen idrettsanlegg bak til høgre. Foto: Nordhordlandskart.



*Fig. 21. Frå vegen inn i Lunden. Foto: Eirik Bouwer Utne*



### 6.2.8 Holme

Mindre område langs sjøen aust for Holmeknappen. Fungerer som buffer og er ulendt.



*Fig. 22. Sjøbua ved Holmeknappen. Foto: Jørn Kleiva.*



## 6.2.9 Elvavika

Elvavika/Haltejohansvika er eit mykje brukt område ved Frekhaug, frå gammalt av kalla Vikane. I Haltejohansvika er det sandstrand og klatrevegg, akebakkar og aktivitetsflate. Det skal opparbeidast ein fiskeplass bak klatreknausen, med høve til å fortøye mindre båtar. Det er òg eit pågåande samarbeid mellom Bof, Frekhaugmarka vel, Nordhordland folkehøgskule og kommunen om utvikling av området. Blant anna ved å etablere 9-hols frisbeegolfbane, grillhytte, vatnpost og andre tiltak.



Fig. 23. Elvavika – utløpet av Mjåtveitelva. Foto: Jørn Kleiva.

Området ligg i utløpet av Mjåtveitelva og står i samanheng med sti og turveg oppover langs elva. Det er planlagt ein kyststi frå Badevika til Dalstø i kommuneplanens arealdel. Den vil gå gjennom Elvavika. Plasseringa sentralt på Frekhaug gjer at området er svært mykje brukt og viktig for rekreasjon og høve til å ha eigenorganiserte aktivitetar. Det er ruinar etter to torvhus og ein flor, som skal skiltast med små informasjonstavler. Desse må òg merkast på informasjons- og oversiktskart over området. Tilkomsten til området er god frå vest, med ny gruslagt sti frå Galteneset og opparbeida akebakke/grusveg frå ballbingen i Frekhaugmarka. Det er opparbeida sti mellom Haltejohansvika og Elvavika, som skal bli grusa. Stien går så eit stykke opp langs elveløpet til ei gamal steinbru, der ein kan krysse elva og fortsette mot Jonsokgrenda eller vidare langs elva opp til fylkesveg 564.



*Fig. 24. Med klokka: Elvavika. Klatrevegg i Haltejohansvika. Haltejohansvika til venstre, Elvavika til høyre. Benk mellom Haltejohansvika og Elvavika. Foto: Nordhordlandskart og Eirik Bouwer Utne.*



Tilkomsten til området skal skiltast. Det må utarbeidast forslag til løysingar for å sikre universell utforming når det gjeld stiane mot Frekhaug sentrum. Mjåtveitelva og utløpet i Elvavika har høg verdi som natur- og kulturmiljø og nye løysingar må tilpassast dette. Med ein kyststi mot Varnappen/Badevika kan det opne seg høve til å opparbeide stien til Jonsokgrenda via Årevika som eit alternativ tilpassa rullestol.

Kulturminnesituasjonen skal avklarast i samband med kommunal plan for kulturminne.

### 6.2.10 Varnappen/Badevika

Badevika er ei svært populær badestrand med toalett, grasplen og rampe ned i sjøen. Området er elles skogkledd med mange ulike varmekjære lauvtresortar. Det er fin gangveg ned mot sjøen og sandvolleyballbanen. Området inkluderer og eit tidlegare industriområde med betongkai og molo.

Varnappen friområde har ein parkkarakter sentralt plassert på Frekhaug og er svært viktig for befolkninga sine høve til å drive eigenorganiserte aktivitetar og rekreasjon i friluft.

Ved Badevika er det eit område mellom rampen og det tidlegare industriområdet, som kan utviklast vidare. På branntomta etter tidlegare industri er det ei rampe til å sette ut båtar. Veggen er stengt med bom på grunn av uønskt parkering, og nøkkel er til utlån på kommunehuset. Betongkaien på branntomta har ein utstikkar/steinmolo med betongkant mot sørvest. Denne skal opparbeidast til kai tilpassa fiske for funksjonshemma. Dette vil også sørgje for betre vern for badande. Branntomta egner seg godt som stad for kulturarrangement viss ein leiger inn gjerde mot sjø.

Området har høg bruksmasse, noko som er venta til å auke med tanke både på folkeveksten og eventuell ny ungdomskule. Kommunen må ha denne problemstillinga i mente og utarbeide tiltak saman med Bof for vidare utvikling og tilrettelegging.



Fig. 25. Varnappen/Badevika. Foto: Nordhordlandskart.

### 6.2.11 Leirvik

Området er eigd av Hordaland fylkeskommune og er regulert til friluftsføremål. Området er ikkje tilrettelagt og bør sjåast i samanheng med Meland golf og naturpark.

### 6.2.12 Skjelanger

Stort miltært område heilt nord på Holsnøy. Situasjonen og framtida til bygningane i området må



avklarast. Det vil vere interessant å sjå på høve for interessantar å drive tilbod her. Området kan bli eit nytt friområde på Holsnøy og kan opne flotte høve til å få nye friluftstilbod og –aktivitetar heilt nord i kommunen, som må bli ein partner i utviklinga i området.

Kulturminnesituasjonen skal avklarast i samband med kommunal plan for kulturminne.



Fig. 26. Skjelanger fort. Foto: Nordhordlandskart.

### 6.2.13 Frekhaug aust

Mindre område på Frekhaug. Det skal vurderast betring av tilkomst og tilrettelegging som fiskeplass i samarbeid med Bof.

### 6.2.14 Framtidige friområde

**Fleire eventuelle friområde** vil kunne komme fram gjennom arealdelen til ny kommuneplan.

**Mjåtveitelva** skal i arealdelen av ny kommunal plan skjermast med inngrepsfri sone i elva og omsynssone i minst 80 meter på kvar side. Dette vil sikre eit viktig og særleg verdifullt friområde sentralt på Frekhaug til bruk for friluftsføremål.

Friområde og område av annan karakter kan utgreiast i planperioden. **Frekhaug kai** er ein brukt fiskeplass og kan vere interessant som utviklingsområde for nye aktivitetar. Den indre delen av **Havrevågen** bør vurderast for sikring til friområde. **Området ved det gamle biblioteksbygget** vest for meieribygningen på Frekhaug har parkliknande trekk i eit sentralt område og er knytt mot gamal veg ned mot Frekhaug kai. **Holmane i Storavatnet** blir brukt blant anna av padlarar. Det er behov for å avklare situasjonen for vedlikehaldet og om det derfor bør sikrast som friområde.



Fig. 27. Mjåtveitvassdraget. Øvst sett mot Nord ovanfor Elvavika. Nedst sett mot sør. Foto: Nordhordlandskart.



### 6.3 Turområde – stiar og vegar

Det er mange turstiar i kommunen, og fleire av dei er godt brukte. I 2009 utkom eit turkart, som markerar stiar og aktivitetstilbod. Stiane blei målt opp med GPS i terrenget og koordinatane lagt inn i kartet. Kartet er gratis tilgjengeleg for alle nye innflyttarar som ein del av velkomstpakken, og kan kjøpast på Meland bibliotek og rådhuset. Det blei lagt ut turbøker på sju utvalte topper, som har vist seg å bli godt brukte. Desse bøkene ligg på Håøytoppen, Storeknappen, Krossfjellet, Tveitanipa, Brakstadfjellet, Hjertåsfjellet og Varden/Eldsfjellet. Fleire av turstiane er òg med i andre bokpublikasjonar.



Fig. 28. Storavatnet frå Eldsfjellet. Foto: Jørn Kleiva.

Turstinettet er bygd på gamle stiar og ferdselsvegar i kommunen. Det er relativt fragmentert utan høve til å ta seg rundt på heile Holsnøy utan å måtte gå ut på veg eller ha betydeleg lokalkunnskap. Dette er ei utfordring for både nye og gamle innbyggjarar og deira høve til å bruke og utforske dei ulike delane av kommunen. Dette feltet er sentralt for folkehelsa og vil vere gjenstand for eit stort og omfattande arbeid frå 2014, etter *Nasjonal standard for merking og gradering*. Det skal sendast prosjektsøknadar om tilskot til fylkeskommunen og Gjensidigestiftelsen gjennom det nasjonale prosjektet.



Fig. 29. Venstre: Nye klopper i Midtmarka på Flatøy/Håøy. Høgre: Skilt er utsatt for stor slitasje. Foto: Eirik Bouwer Utne

Arbeidet med å sørgje for eit einsretta, merka og tilrettelagt turstinnettverk for heile kommunen vil vere eit stort og langvarig prosjekt, og ikkje presentert i detalj i denne temaplanen. Hovudpunkta er som følgjer:

- Prosjektet vil krevje eit omfattande samarbeid med grunneigarar, lag- og organisasjonar og kommunen. Kommunen vil fungere som koordinator, med lag og organisasjonar som medsökjarar. Det må settast ned ei brei prosjektgruppe med brei deltaking og finansieringa er avhengig av frivillig innsats i eit breitt samarbeid.
- Bruk av standard for merking og gradering av stiar og ferdselsområde.
- Utarbeiding av eit samanhengande nettverk av stiar i Meland med skiltplan.
- Det må merkast for sykkel i samarbeid med aktuelle etatar
- Oppretting av inngangsportal og startpunktstavler til turområde med informasjon og kart.
- Parkering ved utvalte inngangsportal
- Integrering med informasjon om kulturminne og naturmiljø. Ved å ta vare på gamle vegar og far vil ein sikre framtidig bruk av ferdselsminne.
- Skilting og merking av padlerutar
- Idrettslag, turlag, vel- og bygdelag, ungdomslag og andre vil bli invitert til å få ansvar for vedlikehald av *sin tursti* – der kommunen kan bidra med tilskot etter søknad for relaterte direkte utgifter. Det er òg knytt vedlikehaldskostnader til skogsvegar og andre ferdselsvegar.
- I dag bur dei aller fleste i Meland innan 500 meter frå ein tursti. Stinettverket skal ta utgangspunkt i dei ulike befolkningssentra og knyte desse saman. Slik vil òg områda i mellom bli ein del av nettverket.
- Turkartet for kommunen skal oppdaterast i samband med prosjektet. Det skal leggjast til rette for at kommune, lag og andre kan gjere informasjonen tilgjengelig på digitale teneste som ut.no og godtur.no. Ein skal følgje med på pilotarbeid på mobil, andre medieplattformer og generell teknologisk utvikling på feltet, som radiobrikkar for registrering av turinnsats.




Fig. 30. Kart over dei mest brukte turstiane i Meland. Stiane på kartet er henta frå turkartet som kom ut i 2009. Kart: Niels Torger Granum.

## 6.4 Eigenorganiserte aktivitetar

Definisjonen på eigenorganiserte aktivitetar er i denne planen betrakta som «aktivitetar organisert av den enkelte for sosial samling, rekreasjon, mosjon og trening». Det kan vere vanskeleg å skilje mellom friluftsliv og andre trenings – og mosjonsaktivitetar sidan motivasjonen vil variere frå person til person. Høve til å drive eigenorganiserte aktivitetar er viktig for ungdom, som ofte går ut av den organiserte idretten ved overgangen frå barndommen med redusert aktivitetsmengd som resultat.



Fig. 31. Dalemarka ballbane og turskilt ved Litlebergen/Moldekleiv. Foto: Eirik Bouwer Utne.



I Meland er det mange høve til å være i aktivitet utanfor den organiserte idretten. Tur- og friområda omtalt under punkt 6.2 og 6.3 er eksemplar på dette. Tilboda må likevel utvidast betrakteleg og insentiva for å skape eigenorganisert aktivitet må betrast. Hovudpunkta i satsinga i planperioden er:

- Eigenorganiserte aktiviteter må bli ein integrert del i arbeidet med å merke, markere og legge til rette turområde og -stiar. Dette kan for eksempel vere inkludering og etablering av fiskeplassar, gapahukar, florar, aktivitetsparkar, badeplasser og område for sjøsport.
- I samband med ny nettløysing for kommunane i Nordhordland skal det bli høve til å bestille aktivitetstilbod over internett. Ei slik løysing skal bli administrert av tenesteområde kultur og vere sporbar, slik at overgangen mellom ulike brukarar blir forenkla. Dette vil òg gjere det føreseielig og meir attraktivt å bruke dei tilboda som er og skal komme i Meland.
- Kommunen, lag og organisasjonar må bruke dei høve som er til å gå i dialog og samarbeid med utbyggarar, for å legge til rette for og dra nytte av felles innsats for nye område og aktivitetstilbod i samband med nye utbyggingar.
- Det kan greiast ut om kommunen i større grad kan støtte eigenorganisert aktivitet, sett i forhold til budsjettutviklinga. Ein initiativtakar kan da søke om kommunale midlar til oppstart og direkte kostnader, med krav om rapportering. Kommunen må òg dra nytte av spelemidlar i arbeidet med å skape insentiv og høve til nye eigenorganserte aktivitetar.
- Samarbeidet mellom den organiserte idretten og dei eigenorganiserte bør styrkast. Idretten framhevar sjølv verdien av eigenorganisert aktivitet og høve til å drive på eigenhand.
- Rehabilitering av eksisterande nærmiljøanlegg
- Bygging av nye nærmiljøanlegg , særleg anleggstypar som ikkje eksisterer i kommunen. Ein må trakte etter samlokalisering av fleire ulike aktivitetstypar.
- Fokus på bruk av sjø og strandsone
- Ein må sjå på skjæringspunktet mellom kulturaktivitetar og eigenorganisert fysisk aktivitet.
- Premiering av god innsats for idrett og friluftsliv – gjennom idrettspris og premiering for turdeltaking og –innsats.

#### 6.4.1. Andre aktørar

##### ***Røde Kors Nordhordland***

Lokalforeininga til Røde Kors har base i Knarvik og korpshus på Rossland i Meland. Dei er blant anna ein aktør med tanke på vakthald ved badeplassar og andre friluftsområde, i utmark og ved arrangement. Røde Kors Friluftsliv og Førstehjelp (RØFF) er eit fritidstilbod for ungdom som ønsker å vere aktive i naturen. Røde Kors er vidare ein sentral aktør for eit godt friluftstilbod i kommunen og ein naturleg samarbeidspartnar for lag, organisasjonar og kommune i arbeidet med og vidareføre og vidareutvikle folkehelsearbeidet i Meland.

##### ***Vellag og bygdelag***

Vellag og bygdelag er viktige aktørar for høve til å drive eigenorganisert aktivitet. Dei er lokalt forankra med frivillig innsats som grunnlag og naturlege partnarar i arbeidet med tilrettelegging av turløyper. Bygging av nærmiljøanlegg er eit satsingsområde i planperioden og vellag og bygdelag er dei fremste utbyggarane av slike anlegg. Ein må bidra til at det blir oppretta lag i nybygga område og



etablert eit vellagssamarbeid i Meland i form av eit vel- og bygdelagsråd. Det er ønskeleg at dei kommunale tilskota til utbygging og rehabilitering av leikeplassar og ute- og aktivitetsområde kan gradvis justerast i forhold til budsjett.

### **Skular og barnehagar**

Elevar og barn i barnehagar er flittige brukarar av naturen, noko som gir gode folkehelsegevinstar og fine opplevingar. Mykje av den fysiske fostringa for barn og ungdom skjer i skuletida, både i friminutt og i gymnastikktimar. Skulane må vere naturlege samarbeidspartnarar i arbeidet med å leggje til rette for turstiar og uteområde og kunne viss ønskeleg bidra til rydding og vedlikehald. Mange apparat og område med nærmiljøfunksjon ligg ved skular. Her må ein sjå på korleis desse områda kan brukast og vidareutviklast. Ein må greie ut korleis ein kan satse på fysak-element ved skular og barnehagar.

### **6.4.2 Gangveg og sykkelsatsing**

Det er stor mangel på gode gang- og sykkelveggar i kommunen. **Utbygging av infrastruktur tilpassa mjuke trafikantar må komme i samband med nye bustad- og næringsområde.** Dette er ei viktig satsing på folkehelse og for det sosiale fellesskapet i kommunen. Andre hovudpunkt i ei slik satsing vil vere:

- Det er ønskeleg å oppfordre til å sykle til arbeid. I samband med eksisterande kollektivtilbod og ny båt rute blir dette i enda større grad aktualisert for pendlarane som reiser ut av kommunen. Det skal byggast til rette for betre sykkelparkering ved større kollektivpunkt, blant anna på Frekhaug kai, Mjåtveitflaten, Fossekruset, Holme og Rossland.
- Sykkelnettet må merkast i samarbeid med aktuelle etatar.
- Barn og unge skal i større grad kunne gå og sykle til skulen på ein trygg måte med reduserte skyssbehov. Det vil òg kunne bidra til å gjere det meir aktuelt å sykle til ungdomstilbod når det eksisterer trygge gang- og sykkelveggar. Dette må settast i samband med tursti og turvegnettverket, spesielt i Frekhaugområdet der det er mangel på trygge skuleveggar. **Blant anna må det komme ein trygg overgang over fylkesveg 564 ved rundkjøringa på Mjåtveitflaten** for å gjere det meir attraktivt å sende skulebarn til fots mot Sagstad skule. Det må komme ein **fotgjengarovergang med tilpassa fartsdempande tiltak på fylkesveg 564 på Holsnøysida av Krossnessundbrua. Gangveg** må byggast **mot Moldekleivmarka og Litlebergen**, ei strekning der det ikkje er trygt å gå i dag. **Rossland/Vikebø sentrum må trafikkisikrast** for å betre tryggleiken for gåande barn og unge. Det må komme **trygg skuleveg til Dalemarka.**
- Sykkel er ein populær form for rekreasjon, mosjon og trening. Gode sykkelveggar og ei samanbinding frå Ådland forbi Havrevågen mot Eldsfjellet vil gjere det mogleg å sykle rundt store delar av Holsnøy, samt binde saman Rossland/Vikebø og nordsida med Austebygd. Eksisterande gards- og traktorveggar skal utbetrast i perioden for å realisere eit slikt samband.
- Det skal undersøkast om passande område til terrengsykling og BMX.

### **6.4.3 Lyssette turløypar og turveggar**

Det skal utgreiast kvar ei lyssett turløype kan gå i Frekhaugområdet. Denne kan for eksempel følgje



den gamle vegen ved Mjåtveitelva frå fylkesveg 564 opp til Sagstad for å svinge sørover gjennom skog og mark mellom Øvre Fosse og Fossemyra idrettspark og mot Storeknappen. Ved eventuelle utbyggingar i området må det settast av areal med ei slik løype i tankane.

Det skal greiast ut kvar ei mogleg lyssett turløype kan gå ved Rossland. Denne kan for eksempel stå i samband med Leirdalen idrettsanlegg og områda aust for Eikelandsvatnet, eller i området mellom Rylands-, Bjørndals- og Storavatnet.

Det skal etablerast ein på universelt utforma kyststi frå Varnappen/Badevika til Dalstø.

Ein skal utarbeide planar og i verksette tiltak for turstiar og -vegar relatert til Mjåtveitvassdraget.




Fig. 32. Utsikt sør frå Storeknappen. Foto: Jørn Kleiva.

#### 6.4.4 Jakt og fiske

Det er fri tilgang til fiske i over 30 vatn. Storavatnet har blitt underfiska dei siste tiåra og bestanden har vore for stor med lav kvalitet som resultat. Situasjonen er under betring og ein kan fiske etter avtale med grunneigarlaget utan fiskekort. Det skjer ein betydeleg innsats på frivillig basis for å halde bestanden på eit visst nivå. I samband med merking og gradering og tilrettelegging av friluftsområda i kommunen må ein ta med satsing på fisking. Det er òg ein viss hjortejakt i Meland.



## 6.4.5 Kyst, sjø og svømming

Meland er ein kystkommune med sjø på alle kantar med utallege høve for å drive sjøsport. Det skal vurderast korleis ei merking av padlerutar – òg på innsjøane – kan fungere på ein god og kvalitetssikra måte. Ein må merke og legge til rette for rekreasjons-, raste og overnattingsområde for padlarar både på innsjøane og langs fjorden. Trivselskomiteen i Meland har kanoar til utlån ved Hestdal og på Rossland ved Rylandsvatnet. Slike tiltak må vidareførast og ein må oppmode og bidra til å setje i stand fleire liknande tilbod.

Nye aktivitetar som for eksempel coasteering kan vere nyttig i svømmeopplæringa i skulane ved å gje barn og unge ein trygg og føreseieleg måte å kjenne på korleis det er å svømme i sjø. Denne problemstillinga er høgaktuell i ein kystkommune i eit fylke med mange drukningsulykker. Meland er bustadkommune for flyktningar. I denne gruppa er ofte svømmekunnskapane dårlege. Det må settast i gang eit arbeid for å sjå på korleis eit slikt prosjekt kan gå for seg.

Det er som nemnt eit tydeleg arbeid for inkludering av behovsgrupper i sjøsporten i dag og dette bør forsterkast gjennom at kommunen tar bruk av kunnskapsressursane i desse miljøa.

### 6.4.5.1 Regionalt sjøsportsenter og svømmeanlegg

Kommunen kan utgreie høva for **eit regionalt samarbeid** for eit **sjøsportsenter** og ein **svømmehall** på **Flatøy**. Dette senteret skal bli tilrettelagt for ulike typar **sjøsport**, utandørs oppvarma **sjøbad**, innandørs **svømmebasseng** med **varmtvatnbasseng** for blant anna rehabilitering. Eit slikt anlegg må vere eit regionalt samarbeid og vil vere eit stort løft for sjøsporten både i **Nordhordlandsregionen** og på **nasjonalt nivå**.

Ein svømmehall er **ønska av heile idretten i Meland** og må vere forankra i eit breitt frivillig og politisk samarbeid.

## 6.4.6 Orienteringskart

Det er orienteringskart over Frekhaug, Austebygd og Rossland. Det bør lagast fleire orienteringskart i planperioden, i samarbeid med frivillige interessentar.



## 7. HANDLINGSPROGRAM FOR ORDINÆRE ANLEGG OG NÆRMILJØANLEGG

### 7.1 Prioritert liste 2014–2019

Handlingsprogrammet skal reviderast kvart år med politisk behandling i samband med kommunebudsjett. I revideringane vil nærmare detaljar vere med.

#### Ordinære anlegg

Anlegg for organisert idrett og fysisk aktivitet. Anlegga må vere gitt ein idrettsfunksjonell godkjenning av kommunen eller i nokre tilfelle av departementet.

|                    | Prioritet | Anlegg                     | Stad                  | Kommentar             | År    |
|--------------------|-----------|----------------------------|-----------------------|-----------------------|-------|
| <b>Idrett</b>      |           | Skytebane                  | Espetveit             | Utviding              | 2016  |
|                    | 1         | Motocrossbane              | Rosslund              | Nybygg/rehabilitering | 2015  |
|                    | 5         | Kunstgrasbane              | Fossemyra idrettspark | Nybygg/rehabilitering | 2017  |
|                    | 5         | Løpebane                   | Fossemyra idrettspark | Nybygg                | 2017  |
|                    | 4         | Sjøsportanlegg             | Flatøy                | Nybygg/rehabilitering | 2016- |
|                    |           | Fleirbrukshall             | Meland Aktiv          | Nybygg/utviding       | 2019- |
|                    | 2         | Sandvolleyballbane         | Fossemyra             | Nybygg                | 2015  |
|                    | 2         | Sykelrampe                 | Fossemyra             | Nybygg                | 2015  |
|                    | 2         | Tennisbanar                | Fossemyra             | Nybygg                | 2015  |
|                    |           | Avlastningshall            | Grasdalen             | Nybygg                | 2015  |
|                    | 3         | Rideveg                    | Kårbø                 | Nybygg/rehabilitering | 2015  |
| <b>Friluftsliv</b> | 3         | Lyssett turløype           | Frekhaug              | Nybygg/rehabilitering | 2017  |
|                    | 1         | Lyssett turløype           | Rosslund              | Nybygg/rehabilitering | 2016  |
|                    | 2         | Kyststi universelt utforma | Badevika - Dalstø     | Nybygg                | 2015  |
|                    |           | Terrensykkelanlegg         |                       | Nybygg/rehabilitering | 2018  |

#### Nærmiljøanlegg

Anlegg og område for eigenorganisert aktivitet ute. Anlegga må vere gitt idrettsfunksjonell godkjenning av kommunen.

| Prioritering | Anlegg                           | Stad                      | Kommentar             | År        |
|--------------|----------------------------------|---------------------------|-----------------------|-----------|
| 1            | Merking og gradering av turstiar | Holsnøy/Flatøy            | Nybygg/rehabilitering | 2014–2019 |
|              | Nytt turkart                     |                           | Oppdatering           | 2019      |
|              | Paintballbane                    | Rosslund                  | Nybygg                | 2016      |
| I gang       | Frisbeegolf                      | Elvavika/Haltejohannsvika | Nybygg                | 2014      |



|        |                                                 |                          |                        |           |
|--------|-------------------------------------------------|--------------------------|------------------------|-----------|
| 6      | Fiskeplass                                      | Elvavika/Haltejohansvika | Nybygg                 | 2014      |
|        | Utandørs treningsapparat                        | Elvavika/Haltejohansvika | Nybygg                 | 2015      |
| 3      | Skatepark                                       | Mjåtveitmarka            | Nybygg                 | 2014–2015 |
| I gang | Tilkomst/tursti                                 | Håøya                    | Rehabilitering         | 2014      |
| 7      | Friluftsanlegg                                  | Rylandsneset/Lunden      | Nybygg                 | 2016      |
|        | Friluftsanlegg                                  | Varnappen/Badevika       | Vidareutvikling m/Bof. | 2018      |
|        | Friluftsanlegg                                  | Skjelanger               | Vidareutvikling m/Bof. | 2019      |
| 2      | Ballbane                                        | Frekhaugmarka            | Nybygg/rehabilitering  | 2015      |
|        | Aktivitetsflate                                 | Fossemyra                | Nybygg                 | 2016      |
| 4      | Fiskeplass                                      | Frekhaug aust            | Nybygg                 | 2015      |
|        | Nærmiljøanlegg                                  | Bustadfeltutvikling      | Nybygg                 | 2014-     |
|        | Ballbane                                        | Holmemarka               | Nybygg/rehabilitering  | 2019-     |
|        | Ballbane                                        | Ådland                   | Nybygg/rehabilitering  | 2019-     |
|        | Ballbane                                        | Frekhaug                 | Nybygg/rehabilitering  | 2019-     |
|        | Klatrevegg                                      | Perleveggen              | Nybygg/rehabilitering  | 2017      |
| 5      | BMX                                             | Austebygda Fritidspark   | Nybygg/rehabilitering  | 2016      |
|        | Nærmiljøanlegg ved ungdomshus/-klubb/kulturbygg | Frekhaug                 | Nybygg/rehabilitering  | 2016-2018 |

## 7.1 Spelemiddelsøknadar ordinære anlegg 2014

| Prioritet | Anleggsted              | Anleggsenhet                                       | Sum kr    |
|-----------|-------------------------|----------------------------------------------------|-----------|
| 1         | Leirdalen idrettsanlegg | Garderobehus m/ to ekstra garerobar                | 1 200 000 |
| 2         | Leirdalen idrettsanlegg | Lysanlegg                                          | 148 000   |
| 3         | Leirdalen idrettsanlegg | Klubbhus m/rom for møte/arrangement                | 700 000   |
| 4         | Leirdalen idrettsanlegg | Hus for vedlikehalds-, drifts- og idrettsmateriell | 700 000   |
| 5         | Meland motocrossbane    | Motocrossbane                                      | 1 000 000 |

## 7.2 Spelemiddelsøknadar nærmiljøanlegg 2014

|   | Anleggsted             | Anleggsenhet | Sum kr  |
|---|------------------------|--------------|---------|
| 1 | Frekhaugmarka ballbane | Ballbane     | 200 000 |



### 7.3 Uprioritert liste – vi forbereder oss for framtida

| Anlegg                      | Stad          | Kommentar              |
|-----------------------------|---------------|------------------------|
| Svømmehall med varmebasseng | Flatøy        | Regionalt anlegg       |
| Sjøbad                      | Flatøy        | Regionalt anlegg       |
| Kunstgrasbane               | Leirdalen     | Nybygg/rehabilitering  |
| Løpebane                    | Leirdalen     | Nybygg/rehabilitering  |
| Idrettsanlegg               | Holme/Hjertås | Nybygg                 |
| Ballbanar andre             |               | Nybygg/rehabilitering  |
| Båtsportsanlegg             |               | Nybygg/rehabilitering  |
| Treningsanlegg              |               | Nybygg/rehabilitering  |
| Orienteringskart            |               | Oppdatering/nye område |




Fig. 33. Utsikt mot sør. Foto: Jørn Kleiva.



# Meland kommune

- Eit samfunn for alle -





# Meland kommune

- Eit samfunn for alle -

